

Arbeidsmodell FAU Vikeså skule

Val for komande skuleår.

Alle klassar vel 1 representant til FAU + 1 vararepresentant på klasseforeldremøte om våren.

Klassekontakt er ansvarleg for val.

Det bør alltid vera ein mann og ei kvinne frå kvar klasse.

Ein blir vald for to år. Det første året er ein vara, det andre året "rykkjer ein opp" til klassekontakt.

Klassekontakt er medlem i FAU. Både klassekontakt og vara får innkalling og referat frå FAU, men vara stiller berre om klassekontakten seier ifrå.

For 1.trinn vel ein foreldrekontakt og vara på foreldremøte under førskuledagane. På 8. trinn er kontaktlærer ansvarleg for at det blir vald klassekontakt og vara på første foreldremøte om hausten!

I løpet av august tek alle kontaktlærarar kontakt med klassekontaktar. I denne samtala planlegg kontaktlærer og foreldre nokre møte/ aktivitetar for året. Her bør ein og ta opp kva oppgåver det elles vil vera behov for hjelp av foreldra med, t.d. juleverkstad.

Det skal minimum vera eit foreldremøte om hausten og eit om våren. Det bør i tillegg vera to fellessamlingar med elevane, for eksempel ei før jul og ei avslutning før sommaren. Diskuter dette i samtalen med kontaktlærer om hausten kva som passer best dette året. Fellesarrangement for klassen er klassekontakten sitt ansvar. Ved ein klassefest har ein komité av foreldra ansvaret for festen medan kontaktlærer/ klasse bidreg med litt underhaldning.

Kontaktlærer og klassekontakt blir einige om kven som er ansvarleg for kva på foreldremøta, innkalling, referat og liknande. Klassekontakt skal bidra med informasjon til foreldra, m.a. frå FAU, ta opp diverse emne som passer for det aktuelle trinnet og få i gang diskusjonar. Det er viktig at foreldra kan snakke opent saman og ha eit godt miljø seg imellom.

Det er viktig at kontaktlærer og klassekontakt tek kontakt med kvarandre i løpet av skuleåret ved behov.

Ansvarsfordeling mellom kontaktlærer og klassekontakt:

Kontaktlærer:

- Ta kontakt i oppstart av skuleåret.
- Tek initiativ og kontakt med klassekontakt før foreldremøte, minimum to foreldremøte i løpet av skuleåret.
- Tek kontakt i god tid om det er behov for hjelp til arrangement av ulikt slag.

Klassekontakt:

- Val av klassekontakt og vararepresentant på siste foreldremøte før sommaren.
- Ta initiativ til felles arrangement som styrkar klassemiljøet, t.d. spelekveldar, turar, klassefestar
- Ta kontakt med kontaktlærer ved behov, evt. etter oppfordring frå foreldre i klassen.
- Bidra med informasjon til foreldra, bl.a.til/ frå FAU